

# Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

**DATO:** 03.03.2014  
**MØTESTAD:** Helse Vest RHF

## Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå utvalet

Lise Reinertsen	Leiar
Reidun Johansen	Medlem
Gunnar Berge	Medlem

Ingen forfall

### Deltakarar frå administrasjonen

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Eigardirektør Ivar Eriksen hadde meldt forfall

### Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberset (sekretær for komiteen)

*(Før møtet var det ein times introduksjon til mellom anna revisjonsutvalet sine ansvarsområder og relasjonane til internrevisor, ekstern revisor og administrasjonen)*

### Sakliste

Sak 01/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden  
Sak 02/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 03.12.2013  
Sak 03/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor  
Sak 04/14 O Årsrapport 2013 og årsplan 2014  
Sak 05/14 B Revidert møteplan for revisjonsutvalet i 2014

## **Sak 01/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **Sak 02/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 03.12.2013**

### **Oppsummering:**

Det vart kommentert at revisjonsutvalet si nåverande samansetting er ny frå og med dette møtet. Eit av medlemmene i det nye utvalet var og medlem på det førre møtet og hadde ingen merknader til protokollen.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 03.12.2013.

## **Sak 03/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor**

### **Oppsummering:**

Internrevisor orienterte om igangverande prosjekt (kreftbehandling; medisinsk-teknisk utstyr; tvang i psykisk helse). Dei er alle i fasen med å utforme rapport.

Føretaka, og RHF-et, vil i vår bli bedt om statusrapportar på gjennomføring av sine handlingsplanar knytt til to tidlegare revisjonsprosjekt. Det gjeld pasientreiser og rusbehandling. For pasientreiser vil det vere første gang det kjem opp ei sak om oppfølging i revisjonsutvalet.

For rusbehandling er oppfølging av rapporten behandla på tidlegare møte i utvalet, og det kom den gang fram ønske om å følgje saka vidare. I restanselista til RHF-styret (jf. møteinnkalling til styremøte 4.3) er det vidare lagt inn ei ikkje tidfesta styresak om dette revisjonsprosjektet. Internrevisjonen blei bedt om å koordinere si oppfølging med administrasjonen.

Utvalet bad også om at det til eit seinare møte vert sett opp sak om utforming av internkontroll og risikostyring i Helse Vest. Revisjonsutvalet var vidare opptatt av om det var andre saker som bør bli framlagte for utvalet, innan det ansvarsområdet det er tillagt. Sekretariatet (internrevisor) blei bedt om å ta opp dette med administrasjonen.

### **Vedtak (samrøystes):**

Utvalet tar saka til orientering.

## Sak 04/14 O Årsrapport 2013 og årsplan 2014

### **Oppsummering:**

Utvalet hadde ei kort drøfting av årsrapporten for 2013 og sa seg nøgde med form og innhald.

Til årsplanen for 2014 kom det opp spørsmål om bakgrunn for dei revisjonsprosjekta som var tatt inn i saksframlegget. Internrevisor orienterte munnleg om den prosessen det hadde vært kring utforminga og behandlinga av førre årsplan. Internrevisors forslag for 2014 og inn i 2015 inneheld ingen prosjekt som ikkje tidligare er vedtekne av styret.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest til å godkjenne årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2013.
2. Utvalet slutter seg til årsplan og innstiller til styret om å vedta planen

## Sak 05/14 B Revidert møteplan for revisjonsutvalet i 2014

### **Oppsummering:**

Det var behov for å justere den møteplanen tidlegare revisjonsutval vedtok i desember 2013. Av instruks og praksis går fram at utvalet møter ekstern revisor minst årleg, når årsrekneskapen skal behandlast. Det blir denne gong 1. april. Vidare gjeld det at administrerande direktør i RHF-et deltar på eit møte i året. Det har brukt å vere i desember.

Alle møta blir hos Helse Vest RHF i Stavanger, 09-11. Unntaket er møtet 1.4 som vert halde 17-19.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet vedtar denne reviderte møteplanen for resten av 2014: 1. april, 22. mai, 30. september, 4. desember